



## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Fagkoordinator Janne Helen Bjørnsnøs, 71258536

Vår dato  
16.09.2014  
Dykkar dato

Vår ref.  
2014/5694/JABJ/  
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

### **Invitasjon til kurs i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 - Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til dagskurs om kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova «Rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming.

#### **Innhald i kurset**

Tema vil hovudsakleg vere saksbehandling i samband med kapittel 9 og anna aktuelt regelverk. Kurset er lagt opp slik at det blir ein gjennomgang av lovverket. I tillegg vil spesialisthelsetenesta gjere greie for si rolle i saker der det er aktuelt å nytte tvang og makt. Dette er same kurs som blei haldt i januar 2013.

#### **Målgruppe:**

Målgruppe er primært saksbehandlarar i høve til kapittel 9, dagleg ansvarlege og overordna faglege ansvarlege for tenestene.

#### **Deltakarene har høve til å velje eit av følgjande to kurs:**

**Kristiansund** den 21.oktober 2014 på Quality hotel Grand (dagpakke kr. 470,-)

**Ålesund** den 22.oktober 2014 på Rica Parken Hotel (dagpakke kr. 525,-)

Kursa vil ha ei tidsramme frå kl. 09.00 til kl. 15.30.

#### **Kostnad:**

Det vil ikkje vere kursavgift, men deltakarane må betale dagpakke til hotellet. Den enkelte deltakar gjer opp med hotellet direkte. Faktura må avtalast med hotellet på førehand.

#### **Påmeldingsfrist: 10. oktober 2014**

Bindande påmelding skjer på heimesida til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, sjå midt ned på sida: Kurs og konferansar. Spørsmål om påmeldinga kan rettast på e-post til [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller på telefon 71 2580 67 /8505. For nærare informasjon om

kurset kan fagkoordinator Janne Bjørnøs kontaktast på telefon nr.: 71 25 85 36 eller e-postadresse [janne.bjorsnos@fmmr.no](mailto:janne.bjorsnos@fmmr.no)

Med helsing

Christian Bjelke(e.f.)  
Fylkeslege/direktør

Janne Bjørnøs

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*